



Helgesen Tekniske Bygg As  
Reigstadvegen 1  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6564 - 22/82277

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
28.10.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 127/108 Mongstad

Tiltak: rammeløyve verkstedsbygg  
Byggjestad: Gbnr: 127/108  
Tiltakshavar: Seljelid Truckutleie As  
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 07.09.2022.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er vist avkjøring frå Storemyra, området er regulert i reguleringsplan Statoil industriområde, planid: 1263-201307. Arealformålet er grønnstruktur. Det må søkjast om dispensasjon frå nemnde arealformål. Dispensasjon må grunngjevast og nabovarlast.
2. Avkjøyrslø til eigedomen ligg på gbnr. 127/109. Eigar av gbnr. 127/109 må samtykke til opparbeiding av avkjøyrslø, samt at det må ligge føre erklæring om vegrett over denne eigedomen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.12.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### GENERELL INFORMASJON

#### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Helgesen Tekniske Bygg As

Reigstadvegen 1

5281

VALESTRANDSFOSSE  
N